

# INNSPEL TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN FOR SELJORD KOMMUNE 2018-2021

## INVESTERINGSTILTAK SOM IKKJE ER MED I RÅDMANNENS BUDSJETTFRAMLEGG FOR HEDDELI BARNEHAGE.

**Lagerplass og vognskjul til barnvogner;            kr153.000**

Barnehagen har nå eit vognskur som det er plass til 12 vogner i. Vi har 12 ett-åringar som har plass på småbarnsgruppa og dei har lagerplass til vognene sine.

På "stor" side har vi 11 to-åringar som også søv i vognene sine. Det er desse vognene vi ikkje har plass til ute. Desse vognene blir nå lagra på eit bad med elektrisk hev- og senk-stellebord, toalett og noko lagerplass i skåp og skuffar. Dette badet får vi ikkje bruke når det er fullt av vogner der. Resten av vognene blir lagra på eit lite leikerom, desse vognene flytt vi rundt på gjennom dagen for at barna skal få plass til å leike. Romma som vognene står på blir ikkje reingjort, reinhaldspersonalet kan ikkje bruke tid på å flytte rundt på 11 vogner for å vaske. Det blir igjen dårleg hygiene på desse romma.

I barnehagane får vi fleire og fleire små barn ettersom retten til barnehageplass er endra (alle som har fylt 1 år innan utgangen av november har rett på barnehageplass). Problemet med lagerplass til vogner vil fortsette i framtida.

Ein god barnehage er ein barnehage i endring. Heddeli barnehage har blitt utbygd i fleire etapper. Noko meir lagerplass til leiker og utstyr har vi fått ved siste utbygging, men ikkje nok.

Bygg vi ein garasje så har vi løyst begge utfordringane med vognplass og lagerplass.

## DRIFTSTILTAK SOM IKKJE ER MED I RÅDMANNENS BUDSJETTFRAMLEGG FOR HEDDELI BARNEHAGE.

### ***Prioritet 4: Digitalt samarbeid barnehage-heim, jfr strategi 2.1.2 og tiltak 2.1.2.6 i handlingsprogram for Seljord kommune***

Foreldra i Heddeli barnehage har etterlyst ei digital løysing i samarbeid mellom barnehage og heim. Fleire foreldre har gode erfaring frå andre barnehagar i andre kommunar med digitalt samarbeid. I dag får foreldre informasjon, pedagogiske planar og skriv på epost og i papir. Mykje skriftleg informasjon til foreldra heng på oppslagstavler rundt i barnehagen.

Ei slik løysing vil på sikt vere tidssparande både for foreldre og personale.

Ein vil få kontakt med kvar enkelt foreldre betre med ein app enn med "lappesystemet", vi kan også få rask informasjon ut til foreldra når det er naudsynt (eks. ved ein krisesituasjon).

Ved digitalisering blir vi meir miljøvenlege og meir økonomiske (mindre bruk av papir og blekk).

Ei digital løysing er ein del av dagens teknologiske utvikling. Det er ønskeleg at Seljord kommune skal henge med i dagens samfunnsutvikling.

Frå SU i Heddeli barnehage, 7.12.17